

Lysekloster

RIK SOPPFLORA

Knappt nokon stad i Hordaland trekkjer til seg så mange soppsankarar som området kring LYSEKLOSTER. Det store mangfaldet i soppfloraen har nok ein samanheng med det varierte, gamle kulturlandskapet, med open beitemark og fleire typar barskog og lauvskog.



Svein Nord

Særleg i dei eldste plantefelta med gran finn vi matsoppar, som kantarell (biletet under), traktkantarell, piggsopp (biletet nedst til høgre), steinsopp, rimsopp, grammatriske og ulike artar av vokssopp og kremler. I eit plantefelt med lerk er det, ikkje uventa, lerkesopp vi legg merke til. Området med furuskog inneheld gode matsoppar, som smørsopp, furumatriske og kremler, særleg gulraud kremle og sildekremle. På stubbar av lauvtre er stubbehorn (biletet øvst til høgre) svært vanleg, og på stammer av furu er det kvar haust store mengder kritøsterssopp.

I heile området veks honningsopp i knippe på stubbar og på levande tre, både i barskog og lauvskog. Honningsopp er eit samlenamn for fleire artar rotesoppar, som ikkje bør etast. Dei er parasittar som enkelte år kan gjera mykje skade, særleg i nyplanta granskog.

Under bjørketrea i lauvskogen finn vi dei gode matsoppene raudskrubb og brunskrubb. På litt open beitemark er det òg sjanse for å finna sjampinjongartar, særleg åkersjampinjong og beitesjampinjong. Også engvokssopp og skarlavokssopp trivst. Om våren kan vi somme år finna fleire artar morklar.

I bøkeltunden bak klosterruinane veks det vanlegvis store mengder bøkeriske (biletet i midten til høgre) og bøkerekremle. Dei er ikkje matsoppar. Med litt iherdig leiting kan vi finna små, svarte, trådforma utvekstar på hamsane til bøkenøttene som ligg på bakken. Dette er bøkehamshorn, ein sekksporesopp. For tjuv år sidan vart han funnen for første gong i Noreg, nettopp her på Lysekloster.



Miranda Bødtker



Miranda Bødtker

PØYLO – EIN BRAKKVASSPOLL

Som alle pollar har PØYLO grunt og smalt utløp. Vassutvekslinga ved flo og fjøre skjer derfor seinare enn i opne farvatn. Ferskvatn kjem inn i Pøylo frå to bekker. Ferskvatn er lettare enn saltvatn, så tilsiget ligg ofte som eit overflate-lag. Når saltvatn strøymmer inn i Pøylo, blandar vassmassane seg til brakkvatn.

Fordi pollen er grunn, blir han fort oppvarma av sola. Den høge temperaturen, saman med gjødning som renn ned frå bakkane omkring, skapar svært stor planteproduksjon. Det blir lett oksygenmangel, særleg i dei djupaste vasslaga.

Nede i vatnet veks ålegras og skruehavgras, saman med brunalgar (tang) og grønalgar. I tidvass-sona veks havstorr; saltstorr; pølstorr og rustsivaks, alle godt tilpassa brakkvatn. På opne jordflekker trivst den vesle planta pusleblom. Ho er berre eit par centimeter høg, men kan til gjengjeld veksa i store mengder. Pusleblom er sjeldnare no enn før, fordi mange grasmarker ved stranda ikkje lenger blir beitta. Då forsvinn dei små opptrakka flekkene der pusleblomen kan veksa.

SJELDNE VASSNYMFER

Blåvengja praktvassnymfe heiter *bo*, og praktfull er *bo*. Dette insektet, som bøyrrer til augestikkarane, er vidt utbreidd i Europa, men i Hordaland er arten registrert berre tre stader. Øvre delar av SJØBØELVA har den største førekomsten i fylket. Fleire gonger er det sett kring 100 individ.



Den blåvengja praktvassnymfa er ikkje åleine; det er registrert sju artar av vassnymfer i området kring Sjøbøelva og Endelausmarka, og elleve ulike artar libellar (den andre hovudgruppa av augestikkarar). Somme av desse artane er ikkje funne andre stader på Vestlandet.

Mange insektgrupper er framleis dårleg kartlagde på Vestlandet. For ein nyfrelst entomolog kan augestikkarane vera ei eigna insektgruppe å ta fatt på. Det er ikkje så altfor mange artar, og det er jamvel mogleg å skilja dei frå kvarandre med kikkert.

(Foto: Ingvar Grastveit)